

REFERAT FRÅ MØTE I FAU VED KNARVIK UNGDOMSSKULE ONSDAG 12. MAI. 2014

Desse møtte :

- Arne Helge Byrknes, 8A
- Mette Bøe, 8B
- Tonje Ormark, 8C
- Unnhild Vassdal, 8D
- Unni A. Sæbø og Gro Sundal, 9A
- Vivian N. Gjerde, 9B
- Lillian Natås og Therese Jørgensen, 9C
- Anita Sletten Hansen og Lene J. Nottveit, 9D
- Berit Herdlevær, 9E
- Lene Spurkeland, 10A
- Kjartan Medaas, 10B
- Hilde M. Tvedt, 10C
- Kathrine B. Breistein, 10D
- Rektor Olaf M. Hella

Tema : Deling av 9C for skuleåret 2014/15.

- FAU er einstemmig einige om at klasse 9C ikkje skal delast. Uheldig å slå saman klassar i 10. klasse. Vi reagerer på måten det er blitt gjort på. Burde ikkje FAU, foreldre og elevar bli tatt med på råd før beslutninga vart teken ?
- Rektor informerte om kva som har skjedd:
 1. Ikkje ei optimal løysing å dele 9C. Rektor er åpen for å snu alle steinar. Måten det er gjort på er feil, burde vore gjort annleis.
 2. Dei forstår reaksjonane
 3. Byrja i 8. klasse med 119 elevar – er no vorte 114 elevar (delingstalet er 120)
 4. Ramma som er tildelt seier at vi manglar 1,2 stillingar for å vidareføre 5 klassar på trinnet. Dette skuldast at det har vore auka behov for spesialundervisning på alle trinn. Rektor har gitt melding til rådmannen om at dei manglar 1,2 stillingar – får ikkje ekstra bevilgningar.
 5. Har hatt ein intern prosess for å finne andre løysingar enn å dele klasse 9C. Dette er gjort saman med lærarane på skulen. Rektor har informert lærarane om at han ikkje ser andre løysingar enn å dele 9C. Dette lekka ut til elevane forrige fredag og då valgte dei å sende ut brev.
 6. Har hatt møte med elevrådet 12.05.12.
 7. Kvifor 9C ?
 - Rektor meiner det er betre å løyse opp ein klasse enn mange klassar.
 - 9C er den minste klassen
 - Dei som er lærarar i 9C vil då møte elevane sine igjen i dei andre klassane

- Rektor har vudert andre alternativer enn å dele 9C, men det vil ikkje vere gode løysingar
- 8. Rektor ser ingen andre moglegheiter for å vidareføre 9C dersom det ikkje vert tilført 1,2 stillingar -> dette er meldt vidare til rådmann og økonomiansvarleg.
- Er det forsvarleg å dele klasse 9C, for elevane og læringsvilkåra deira ?
 1. FAU og foreldra meiner at dette ikkje er forsvarleg
 2. Rektor meiner at dette ikkje er uforsvarleg, men uheldig. Vil helst ha 13 klassar.
- Løysing:
 - * politikarane er vegen å gå i forhold til budsjett
 - * FAU sender brev til politikarane og bed om å få ekstra bevilling til skulebudsjettet neste skuleår for å klare å behalde 5 klassar i 10. klasse.
 - * FAU sender ein epost til rådmannen + evt legg ved brevet til FAU frå Launa Mjanger i 9C, og der ein ber han ta det opp i levekår i morgon 13.05. og i formannskapet 22.05.14.
- Rektor bør også kalla inn alle foreldre i 9-klassane og informere om kva som vert gjort og kva ein jobbar med for å oppnå ei ønskjeleg vidareføring av 5 kl. også neste år.
- Tidsspørsmålet:
 - * Kor tid skal ein landa dette ?
 - * FAU ønskjer å kjempa vidare for at det skal vere 5 klassar på 10-trinnet neste år sjølv om ein ikkje får økonomisk ekstrabevilling frå politikarane
 - * FAU ønskjer at alle løysingar skal vurderast
 - * Har ein delt 10. klassar før ? Det kunne ikkje rektor svare på.
- Er det mogleg å gjere nokre endringar på 8. trinn til hausten ? Vil iflg rektor utgjere små %-stillingar og ikkje bra å ha fulle språkklassar.
- Fristen for å få ei evt ekstrabevilling er under revidert budsjett i formannskapet 22.05.14. Det vert endeleg avgjort i kommunestyremøte 12.06.14.
- Ytterlegare kommentarar under diskusjonen i møtet:
 - Korleis kan vi finne gode løysingar saman med rektor for å behalde 13 klassar på skulen til neste år ? Viktig å ha dette som fokus i diskusjonen vidare.
 - Gjera det positive ut av det, uansett utfall
 - Foreldre bør roe gemyttane og ikkje hause saka opp
 - Vi kan sei til ungane at vi kjempar og vil gjere det vi kan, men vil også hjelpe dei om det ikkje går.

Alvermarka 26. 05.14.

Ref. Unni A. Sæbø og Gro Sundal